



DEN NORSKE KIRKE
Oslo bispedømmeråd

BISPENOMINASJON I OSLO

Kari Veiteberg



BISPENOMINASJON I OSLO

CURRICULUM VITAE

NAVN: KARI VEITEBERG

PERSONLIGE OPPLYSNINGER

Fullt navn: Kari Veiteberg

Fødselsdato: 040261

Sivilstatus: Gift

Nåværende stilling: Bymisjonsprest ved Bymisjonscenteret Tøyenkirken

Ordinasjonsdato: 12/3 1992

Ordinasjonssted: Nidarosdomen, Trondheim

UTDANNING

Årstall	Studium	Studiested
2016 -	Fagforfatterstudiet 1 modul	Høyskolen i Oslo og Akershus
2006	Dr.theol	Det teologiske fakultet, UiO
1995-2000	Fullført dr.gradsutd.	TF, UiO
1991 v.	Mellomfag i teatervitenskap,	Institutt for musikk og teater, UiO.
1989 v.	Praktisk teologisk eksamen	Praktisk teologisk Seminar, UiO
1988 h.	Cand.theol	TF, UiO

ANDRE KURS OG ANNEN FAGKOMPETANSE MED RELEVANS FOR BISPETJENESTEN

Nov 2013- februar 2014: Ledsager (EAPPI) for Kirkens Nødhjelp/KV i Israel og Palestina

06.2010 – 11. 2013: Medlem av WCC Assembly Worship Planning Committee Nominert og vald som europeisk medlem i den verdensvide gruppa på 12 personer som møttes jamleg (i Armenia, Finland og to gonger i Sør Korea) frå juni 2010 – oktober 2013 for å utforma og ha ansvar for gudstenestelivet under generalforsamlinga i Busan i november 2013

2012- Medlem i NAAL – North American Academy of Liturgy

Hausten 2007 medverka eg saman med den nordamerikanske liturgikaren Gordon Lathrop i etterutdanning av til saman 200 prestar i Uppsala stift om «Dopet».

1995- Medlem i Societas Liturgica

Diverse kurs i vegleing og sjelesorg. Kurs og diplom i «Heliga Dansar» ved Maria Rönn, Sverige. Kurs i stille meditasjon, Rättvik, Sverige.

Vore med på verkstadar i regi av i KULT- senter for kunst, kultur og kirke

ARBEIDSERFARING

Årstall	Stillingsbetegnelse	Arbeidsgiver
01.01.2017-10.03.2017	faglærer i liturgikk (vikar)	Det teologiske fakultet, UiO
01.09.2014 -	Bymisjonsprest v. Bymisjonscenteret Tøyenkirken	
02.2013- 09.2014	Gateprest	Kirkens Bymisjon Bergen
08.2009 – 12.2012	Studierektor Liturgisk senter Trondheim, Kirkerådet, Dnk	
2008 17/8-30/11	Sokneprestvikar i Gildeskål menighet, Sør Hålogaland	
2000 1/6 – 31/1 2005 og 1/2 2006 – 31/7 2009.	Bymisjonsprest v. Bymisjonscenteret Tøyenkirken, Oslo	
2005 1/2 – 31/1 2006	Prest i Emmaus (eitt års vikariat)	
1995-2000	Forskningsstipendiat i liturgikk ved Det praktisk teologiske seminar, UiO	
1995-2000	Faglærer i liturgikk v. Det praktisk teologiske seminar, UiO	
1992-1995	Kapellan i Tempe prestegjeld, Trondheim	
1992	Undervisning i Det nye testamentet, ved Institutt for Religionsvitenskap. AVH	
1991 - 1992:	10.mnd prestevikar i Oslo bispedømme (Grønland, Fagerborg og Nordberg)	
1989-1991 ½ og ¼	hjelpelærer i Det nye testamentet, ved TF UiO	

RELEVANTE VERV

Årstall	Verv/rolle
06.2010 – 10. 2013	Medlem WCC Assembly Worship Planning Committee
2004- 2008	Medlem og nestleiar i Nemd for Gudstjenesteliv (NfG), Dnk
1999-2003	Medlem i NfG
2000- 2005	Medlem av Styret i Emmaus
1995-1998	Medlem av Nemnd for økumenisk samarbeid og misjon (NØM)
1997-1989	Nordisk representant i European Committee og The Theological Working group i Europe Region, World Student Christian Federation

VIKTIGE PUBLIKASJONER

BØKER

Jacob Jervell: *Et portrett*. Verbum 2013

Kunsten å framføre gudstenester. Dåp i Den norske kyrkja. (Acta Theologica nr. 3, Oslo mars 06).

Evas Døtrer, Det norske samlaget, Oslo 2001

Bibelens Kvinner, Det norske samlaget, Oslo 1995

Medforfattar i *Hallelujah! Resource for Prayer and Praise* developed for use at the 10th Assembly of the World Council of Churches, Geneva 2013

«Gudstenesta som ei hending med handlingar» i Hellemo, Geir (red) Gudstjeneste på ny. Universitetsforlaget, sidene 73-78

ARTIKLAR (utval)

«Å gestalte påske. Tredagarsfesten» i "St.Sunniva", 1/ 2016: 20-29; «Gudsteneste og sakrament som hjelp til fornya håp, tillit og tru, med utgangspunkt i gatenært arbeid.» i Tidsskrift for sjelesorg 2 /2016: 92-105 «Gud gjer ikkje forskjell på folk - På veg mot ein vigselliturgi for likekjønna» i Kirke og Kultur", 4/2015 :303-315, «Ritualisering i veka etter 22. juli 2011» i Tidsskrift for sjelesorg 3 /2012: 203-215

«Julepynt og symbol» i Hyrdingsrøysta nr.6/2009:6-7 «Gudstenesta som performativ praksis» i Kirke og Kultur, 2/2008: 105-117 «Å tilretteleggje symbolhandlingar og riter på institusjonar og i kyrkjerom.» i Tidsskrift for i Tidsskrift for sjelesorg, 2/2007: 103-113.

"Powerful and Perfect Signs" i *See How They Love One Another. Rebuilding Community at the base.* Päivi Jussila (ed) LWF-studies 04/02 Geneve 2000, sidene 75-80

1988: "Liturgin som bekännelse" i Nordisk Ekumenisk Orientering. Nr. 1, sidene 11-14 1990:

"Gled dykk! Ei forteljeteoretisk tilnærming til Lukas 15," i «Nytt norsk kirkeblad», 43 s

1996: "Preikestolaltaret som eit teologisk uttrykk" i Herre, tal din tenar lyder" Rapport frå seminar knytta til 200års jubileet i Vinje kyrkje, Telemark kyrkjeakademi, sidene 43-53

1990: "Jesus as host and guest" i WSFC-Journal, August, Geneve, sidene 17-19

FOREDRAG

«Kamelen og nålaug» og «Mammon» på Olavsfestagane i Trondheim 2016.

Ei rekkje føredrag om det liturgiske reformarbeidet i Den norske kyrkja for m.a kyrkjemusikarar og andre tenestegrupper i Bergen, Bodø domprosti, Nord- Hålogaland bispedømme, Bispemøtet, LIV og for sjukehusprestar, Biskopens fagdagar for kyrkjeleg tilsette i Oslo Bispedømme og i Nidaros.

3.april 2014: «Att tala sant om livet, rit som möjlighet och tillgång. Seminardag for medarbeidarar innan institusjonssjälavården», Stockholm stift

I juni 2008 heldt eg foredrag på Stiftsdagane på Fyn i Danmark og eg var gjesteforelesar på Pastorseminaret i Århus.

Appellar, mellom anna i Bergen ved Overdosemarking, Løvetannmarsjen og også i høve bombinga av Gaza.

PREIKER OG ANDAKTAR

Skrive 1 gong i månaden til "ukens preken" i Aftenposten 1998/99

Har jamleg halde radioandaktar i NRK P1 dei siste åra

Vore gjest i m.a. «Salongen» NRK p2 og vore med i ordskifte, gudstenester og anna i på TV

SPRÅK

Eg rår over begge målføre og er god i engelsk og skjønar tysk.

SPØRSMÅL VED NOMINASJON AV BISKOP I OSLO

NAVN: KARI VEITEBERG

1. Hvorfor har du lyst til å bli biskop i Oslo bispedømme?

Mange har bedt meg om å stille som biskop i Oslo. Det seiest at eg har eit klårt hovud og eit varmt hjarte, ein autoritet og tyngde som ikkje verkar skremmande, men tvert om motiverer. Det kjenner eg meg igjen i. Eg er ei blanding av ein folkeleg nærværande prest og ein fagleg godt skulert teolog. Eg starta som vikarprest i Grønland sokn for 27 år sidan og blei ordinert i Trondheim halvanna år etter og eg har ein doktorgrad i teologi. Eg har veksla mellom praktisk presteteneste og akademia. Til saman skulle dette kunne bli ein god biskop.

Eg ønskjer å bli biskop i Oslo bispedømme fordi eg er glad i byen og områda rundt. Eg kjenner Oslo godt etter å ha budd og arbeidd her mesteparten av mitt vaksne liv. Eg har gått til fots omtrent over alt og eg har vore i dei fleste kyrkjene som prestevikar, kyrkjelyd, kåseri- og føredragshaldar. Eg kjenner både natt- og dagsida av byen.

Eg vil vere med på å synleggjere kyrkja. Vi er i hovudstaden med sentrale styresmakter, presse og mediehus like om hjørnet. I dette bispedømmet har eg som biskop lyst til å vere med på å tolke og konkretisere kyrkjjas oppdrag på ein måte som folk vil forstå.

2. Hvordan vil du karakterisere deg selv som person, som prest og som teolog?

Eg er ei kvinne på 56 år som er vaksen opp i ein lærarfamilie på øya Stord. Mor og far formidla ei raus, solid og sosialetisk forankra kristentru som eg aldri har hatt trong til å ta avstand frå. Eg er mor til to vaksne barn, gift med Rolv og har mange venner. Eg er blid, ujuålete og uredd. Eg ber om orsak når eg sagt eller gjort noko dumt og eg er god til å få folk frå ulike lag og samanhengar til å føle seg vel.

Som prest står eg fram som trygg og erfaren. Eit langt presteliv i bygder og byar, på gata og i ulike kapell og kyrkjerom samt stillheit, meditative øvingar og bøn som lenge har vore ein

viktig del av livet mitt, gjer meg til ein lydhør og nærværande liturg og prest. Eg får tilbagemeldingar om at eg held preiker og andaktar som alminnelege menneske forstår, lærer av og får styrkja livsmotet av.

I 2006 disputerte eg for den teologiske doktorgraden med avhandlinga "Kunsten å framføre gudstenester. Dåp i Den norske kyrkja." Gjennom heile yrkeskarrieren har eg veksla mellom fagleg arbeid ved Det teologiske fakultet, Det praktisk teologiske seminar, Liturgisk senter og gatenært arbeid som kapellan, prestevikar og bymisjonsprest.

Eg er ein oppdatert fagteolog som ofte blir brukt som undervisar, vegleiar og føredragshaldar i eit mangfald av emne. (Til dømes: *Mammon, preikestolaltar, ritualisering ved vond og brå død, teater og kyrkje, samtidskunst- og dans, bøn, dåp og dåpsliturgi, gravferd før og no, tru og tvil, respekt, kvinner i Bibelen, tigging på gata, det heilage.*)

På den førre generalforsamlinga til Verdskyrkjerådet (KV) i Sør-Korea var eg med på å planlegge og å gjennomføre gudstenestelivet. Eg ber med meg venskap og erfaringar frå møter med trusfelle frå alle kontinent. For tre år sidan budde eg tre månader i Aust-Jerusalem som «ledsagar» gjennom KV/ Kyrkjias Naudhjelp i Israel/Palestina og har eit engasjement for rettferdig fred.

Ein samlande karakteristikkk kan være from og fryktlaus.

3. Hvilke visjoner har du for Den norske kirke og kirken i Oslo bispedømme?

Eg blir motivert til å brette opp ermene og sette i gong å arbeide når eg får visjonen frå Østre Aker prosti som leiestjerne: "med Jesus Kristus i sentrum vil kirka spre håp, kjempe for rettferdighet og fremme respekt i den flerkulturelle og mangfoldige Groruddalen".

Eg vil ikkje vere ei som utviklar visjonar aleine og vil gjerne bære fram dei visjonane som fellesskapet har utvikla. Saman med medarbeidarar er oppgåva å blankpusse dei visjonane som verkeleg motiverer oss og å få fram den eigenarten vi har som ei evangelisk-luthersk folkekyrkje i eit fleirkulturelt og mangfaldig bispedømme.

Eg har eit profetisk, diakonalt kyrkjesynt og eit positivt menneskesyn. Kyrkja skal vere lys og salt i lokalsamfunnet og i verda. Dette held eg fast på, samstundes som eg veit at kyrkja ikkje alltid har behandla folk godt.

Eg har også visjonar om ei kyrkje som tek folks undring og lengt på alvor. Ei kyrkje som tilbyr kvile, ro, styrke og håp og som forkynner Jesus Kristus tydeleg og sant.

4. Hva ser du som hovedutfordringer og muligheter for kirken i Oslo bispedømme i tiden framover?

Oslo er ein hovudstad og kyrkja kan vere nærværande ved å vere synleg med trøystande og håpefulle ord og handlingar når det trengs, og det trengs uavlateleg. Det er ei hovudutfordring for kyrkja å vere vaken: Å stå fram å seie frå når forsvarslause menneske vert utsett for hets og negative haldningar og når forbrukskulturen og konsumet tek overhand.

Mange menneske er likegyldige til kyrkje og fellesskapsarbeid. Mange erfarer ikkje at den lokale kyrkja utgjør ein positiv forskjell i kvardag, helg og heilag dagar. Det er viktig å finne kreative måtar å møte dette på. Kyrkja i Oslo bispedømme har høve til å vere møtestad for

undring og tru, for dialog, for fellesskap og måltid. Utover dei ordinære gudstenestene kan kyrkjeromma også bli brukt som stille rom og som stader for kunst og kultur.

Vi ser nye bydelar vekse fram i byen. Kvart prosti har ulike utfordringar. For mange dreier utfordringane seg om innstrammingar, trøyttheit og slitasje. Her må vi kjenne at vi er ein flokk og finne måtar å styrke og setje mot i einannan på.

5. Hva vil du legge særlig vekt på i tjenesten som biskop?

Eg vil legge vekt på å søkje håp og namngi nåde.

Eg vil vere ein biskop som møter medarbeidarane mine, prestane og dei som ønskjer ordinasjons- og vigslingssamtale med tillit, lyttande nysgjerrigheit og omsorg.

Eg vil at det skal moro å gå på jobb. Eg er ikkje like god på alt og eg vil legge særleg vekt på å fremje ei lagånd og ein gjensidig tillit der kvar og ein av oss får mot og lyst til utføre dei oppgåvene som må gjerast. Det er i samtalar i fellesskap vi finn vegen vidare

Eg vil freiste å framstå som ein klok forvaltar og representant for kristen tru og lære både i offentlege ordskifter, i media og i konkrete menneskemøte.

Biskopen er med på å synleggjere i ord og framferd kva det er å vere kyrkje i verda, i Nord-Europa, i Norge, i Oslo og lokalt no i 2017 og framover. Eg veit at nett no er mange utrygge og redde for framtida. I tenesta som biskop vil eg legge til rette for samtalar som ikkje nødvendigvis har klare svar på alt, men som spør, undersøker, lyttar og freistar å varme og å gi håp. Eg vil i tenesta mi legge vekt på å aldri misse or syne dei som kjenner på utanforskap.

Eg vil legge stor vekt på visitasane i tenesta. Visitasane gir høve til fordjupa samtalar med tilsette og tillitsvalte. På visitasane vil eg lytte og også vere med ut av kyrkjebygget der folk møtest.

6. Hva kan du med din særlige kompetanse tilføre Oslo bispedømme og bispekollegiet?.

Eg har teologisk spisskompetanse i liturgi og praktisk teologi og frå diakonal presteteneste. Eg har mellomfag i teatervitenskap og kunnskap frå kunst- og teaterarenaer. Eg kan bidra med kunnskap om liturgi og samtidsteologi og også kunst og kultur. Eg er god i media og offentlege samanhengar. Eg trur det kan kome til nytte at eg ikkje er redd for å stille spørsmål og leite etter nye svar saman med andre. Dessutan er eg medviten om forholdet mellom kjønn og makt.

7. Hvordan vil du med din teologiske profil kunne være samlende og ivareta det teologiske mangfoldet i bispedømmet?

Eg har sjølv erfaring med å vere i mindretal og eg meiner at denne erfaringa og er med på å gjere meg kompetent til å vere samlande og i stand til å romme mangfald og ulike synspunkt.

Eg vil vere samlande ved å insistere på at det ikkje blir gjort forskjell på folk på grunn av klasse, kjønn, seksuell identitet og funksjonsutfordringar.

Mange i bispedømmet og i verda elles meiner og tenkjer ulikt. Vi skal øve oss på å vere trygge saman, snakke godt om og til kvarandre og å feire gudstenester saman. For å ivareta eit teologisk mangfald vil eg vere opptatt av møter andlet til andlet der ein snakkar saman. Eg vil oppmode til samtalar i bispedømmet om bibeltolking og tru. Kva betyr det å tru på Jesus i dag?